



Sterke fellesskap

– Ung i Kvam 2024



Ungdata 2024



Innhald

Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024.....	3
Om rapporten.....	3
Kvam som årets ungdomskommune.....	3
Ungdata-prosessen vår 2024.....	3
Ungdata-prosessen haust 2024: Innspel frå barn og unge	4
Ungdata-prosessen haust 2024: Arbeidsgruppene	4
Ungdata-prosessen 2024: Oversikt over dei ulike arrangementa til <i>Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024</i>	5
Tysdag 3. september: Ungdatakonferanse	5
Onsdag 2. oktober: Demokrativerkstad	6
Måndag 14. og onsdag 16. oktober: Skulesamtalar Metalheads against bullying.....	7
Tysdag 15. oktober: Fagsamling Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024	8
Onsdag 16. oktober: Gleding: Små handlingar – store forskjellar	9
Prioritering av tema.....	10
Prioriterte tema frå demokrativerkstaden: Psykisk helse, medverknad/inkludering, skuletrivsel...	11
Psykisk helse:	11
Medverknad/inkludering.....	13
Skuletrivsel	14
Oppsummering prioriterte tema.....	15
Evaluering av prosessen Ungdata	16
Evaluering av å bruka arbeidsgrupper.....	17
Framovermelding Ungdomskonferansen.....	18



Sterke fellesskap

– Ung i Kvam 2024

Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024

Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024 er eit felles omgrep for ei rekke arrangement i Kvam hausten 2024 knytt til å forstå og drøfta funn i Ungdata. Omgrepet femnar om det me vil skapa gjennom prosessen, både knytt til arbeidsmetodane før og under arrangementa og kva prioriteringar som ungdomsrådet gjer på bakgrunn av innspel.

Om rapporten

Hausten 2024 har ulike arbeidsgrupper av ungdom vore med på å førebu, gjennomføra og evaluera arrangement knytt til å utdjupa, forstå og drøfta funn i Ungdata-undersøkinga. Arrangementa har hatt overskrifta *Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024*. Denne rapporten er laga av dokumentasjonsgruppa i samarbeid med Kvam ungdomsråd.

Arrangementa er støtta av Erasmus + ungdom.

Føremåla med rapporten:

- del av grunnlaget til sluttrapporten til Bufdir/Erasmus+
- del av grunnlaget for å vurdere kva som kan liggja i ein prosedyre for ungdomsmedverknad i arbeidet med Ungdata
- oppsummering av kva ungdomar i Kvam meiner at ungdomsrådet bør prioritera å arbeida med i det komande året
- oppsummering av erfaringane frå arbeidet i haust som vil vera nyttige når me skal planleggja den nasjonale ungdomskonferansen som skal vera i Kvam 21. til 23. september 2025.

Rapporten er utarbeidd av dokumentasjonsgruppa i samarbeid med ungdomsrådet. Bileta i rapporten er stort sett tekne av sosiale medie-gruppa.

Kvam som årets ungdomskommune

Kvam vart kåra som årets ungdomskommune i 2023 for å ha gode system for ungdomsrådsarbeid og for å ha utvikla satsing på fritid i samarbeid med barn og unge. I løpet av perioden som ungdomskommune ønsker Kvam å utvikla strukturar for samarbeid og dialog mellom ungdomsrådet og dei som dei skal representera, altså ungdomane i kommunen. Tiltaka følger to «spor»: for det første har elevråda og ungdomsrådet samarbeidd om rutinar for dialog mellom elevråda og ungdomsråda. For det andre prøver me ut arrangement der ungdomsrådet får drøfta samfunnsspørsmål med eit større utval av ungdomar. Det er det sistnemnte denne rapporten handlar om.

Ungdata-prosessen vår 2024

Ungdata er ei stor undersøking som vert gjort i mange av kommunane i Noreg om lag kvart tredje år, der ungdomar svarer på spørsmål knytt til skule, helse, familie, fritid og anna som gjev ei brei oversikt over trendar i ungdomskulturen.

Ungdata-undersøkinga vart gjennomført på mellomtrinnet (Ungdata junior), ungdomstrinnet og vidaregåande vinteren 2024. I løpet av våren 2024 tilsette i Kvam herad innan oppvekst, helse og kultur seg inn i funna og formulerte problemstillingar. Desse vart presenterte og diskuterte på felles

KFL-samling i juni. I juni vart også funn frå Ungdata presenterte for ungdomsrådet og heradsstyret. Problemstillingar eller spørsmål derifrå vart tekne med vidare i prosessen.

Ungdata-prosessen haust 2024: Innspel frå barn og unge

I løpet av september 2024 vart det gjennomført medverknadsrundar for å få drøfta og få inn innspel til funn i Ungdata frå ei brei gruppe av barn og unge i Kvam. Det vart gjennomført fokusgruppeintervju blant elevane på mellomtrinnet og ungdomstrinnet og såkalla gjestebod på vidaregåande.

Gjestebod er ein metode der innbyggjarar vert inviterte til å gjennomføra samtalar med andre innbyggjarar om relevante spørsmål i ein planprosess. I dette tilfellet var det elevar på samfunnskunnskaps-/sosiologiklassane på dei to vidaregåande skulane som inviterte andre elevar i aldersgruppa til ein samtale. Elevane fekk først presentert funn frå Ungdata før dei utforma ein felles intervjuguide (skjema med spørsmål) for klassen.

Ungdata-prosessen haust 2024: Arbeidsgruppene

I slutten av august vart det lyst ut gjennom utekontakten sine sosiale medie-kanalar at ungdom kunne søkja på jobb i arbeidsgrupper for å planleggja, gjennomføra og evaluera arrangement. Sara Fykse vart tilsett til eit større oppdrag som samskapingskoordinator, eit bindeledd mellom ungdomsrådet og arbeidsgruppene. Arbeidsgruppene var tilsette i byrjinga av september, fordelt på desse ansvarsområda:

- Sosiale media (3-4 tilsette)
- Arrangørgruppe – praktisk (6 tilsette)
- Arrangørgruppe – estetisk (6 tilsette)
- Dokumentasjonsgruppe (2-3 tilsette)

Kontraktar og arbeidsforhold er i samsvar med avtaleverk. Foreldre gav samtykke til at ungdom i ungdomsskulealder kunne ta på seg oppdrag.



Arbeidsgruppene hadde evalueringsmøte 21. oktober 2024

Ungdata-prosessen 2024: Oversikt over dei ulike arrangementa til *Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024*

Tysdag 3. september: Ungdatakonferanse

- Arrangør: Kvam herad ved arbeidsgruppa for Ungdata i samarbeid med Korus Bergen
- Kristian Hartveit frå Korus la fram tal
- Holmatun
- Drøftingar i grupper og plenum
- 71 registrerte deltakarar
- Deltakarar:
 - to representantar for kvart elevråd ungdomstrinn, vidaregåande og kulturskulen
 - elevrådskontaktane ved alle skulane
 - ungdomsrådet
 - arbeidsgruppene
 - rektorar ved grunnskule og vidaregåande skule
 - miljøretteleiarane
 - andre tilsette i Kvam herad



Frå drøftingar under Ungdata-konferansen i Holmatun 3. september 2024

Onsdag 2. oktober: Demokratiwerkstad

- Arrangør: Ungdomsrådet
- Holmatun
- Ungdomsrådet hadde valt ut tema til drøfting ut frå funn i Ungdata
- Gruppearbeid leia av ungdomsrådet, med fagperson frå Kvam herad til stades som ressurs
- Prioritering av tema
- Innlegg ved Marco Elsafadi
- 65 registrerte deltakarar
- Deltakarar:
 - to representantar for kvart elevråd ungdomstrinn, vidaregåande og kulturskulen
 - ungdomsrådet
 - elevrådskontaktane



Alva Storemark Børve, Halvor Økland, Eirin Laupsa og Gazel Kulej leier bli kjent-leik under demokratiwerkstaden i Holmatun 2. oktober

Måndag 14. og onsdag 16. oktober: Skulesamtalar Metalheads against bullying

- På ungdomsskulane
- Innlegg ved Leif Munkelien, Svein Arild Johnsen og Liam Indsetviken om konsekvensar av mobbing
- Også innom tema som psykisk helse, sjølvmod, omsorgssvikt



Liam Indsetviken frå Metalheads against bullying er på Kvam ungdomsskule

fortel frå egne erfaringar med mobbing og omsorgssvikt

Tysdag 15. oktober: Fagsamling Sterke fellesskap – Ung i Kvam 2024

- Arrangør: Kvam herad ved arbeidsgruppa for Ungdata
- Øystesehallen
- Innlegg frå tilsette, innleigde og ungdomar
- Stor samling
- 150 registrerte deltakarar
- Deltakarar:
 - elevråda ved ungdomstrinn, vidaregåande og kulturskulen
 - elevrådskontaktane ved alle skulane
 - ungdomsrådet
 - arbeidsgruppene
 - elevar ved sosiologiklassen ved Framnes
 - rektorar ved grunnskule og vidaregåande skule
 - miljøretteleiarane
 - leiarar i Kvam herad, inkludert rådmann og ordførar
 - andre tilsette i Kvam herad
 - gjester frå nabokommunar
 - formannskapet



Miljøretteleiarane i Kvam heldt innlegg under fagsamlinga Sterke fellesskap - Ung i Kvam 2024 i Øystesehallen 15. oktober 2024

Onsdag 16. oktober: Gleding: Små handlingar – store forskjellar

- Arrangør: Kvammaveko/arbeidsgruppa for Ungdata Kvam herad
- Multisalen Kvam ungdomsskule
- 16 ungdomar var med som arrangørar
- Om lag 100 som publikum
- Ope arrangement som del av Kvammaveko
- Foredrag ved Siri Abrahamsen
- Pause med mat
- Sofasamtale med Liam Indsetviken og Svein Arild Johnsen frå Metalheads against bullying, samskapingskoordinator Sara Fykse og Ann Jorunn Aalvik, frivillig Aalvik Rock



Halvor Økland og Eirin Laupsa ønsker folk velkomne til sofasamtalen. Svein Arild Johnsen frå Metalheads against bullying trekkjer eit kompliment frå gledingsbassenget.

Prioritering av tema

Til demokrativerkstaden hadde ungdomsrådet førebudd gruppearbeid med drøfting av sju tema ut frå funn i Ungdata. Desse sju tema var:

- Mobbing
- Skuletrivsel
- Rus
- Vald og regelbrot blant unge
- Lokalmiljøet, fritid og møteplassar
- Psykisk helse
- Medverknad/inkludering

Deltakarane i gruppearbeidet fekk dela av egne erfaringar og koma med framlegg til konkrete tiltak. Gjennom ei avrøysting fekk deltakarane bestemma kva dei meinte var dei viktigaste tema frå gruppearbeidet. Dette var ei tilbakemelding frå ungdomar i Kvam til ungdomsrådet om kva saker dei bør prioritera å jobba med det komande året. Dei tre prioriterte tema er:

- Psykisk helse
- Medverknad/inkludering
- Skuletrivsel

Ungdomane uttalte at desse tre heng saman.



Frå gruppearbeidet under demokrativerkstaden i Holmatun 2. oktober

Prioriterte tema frå demokrativerkstaden: Psykisk helse, medverknad/inkludering, skuletrivsel




Ungdomane på demokrativerkstaden røysta over kva tema det er viktigast at ungdomsrådet arbeider med framover

Psykisk helse:

Dette er eit tema ungdomsrådet har arbeidd med i fleire år og tilbakemeldingane frå ungdom i Kvam er at ein må halda fram med å jobba med dette. I Ungdata-materialet ser ein at jenter i større grad enn gutar rapporterer om psykiske plager. Gutane kjenner i større grad på psykiske plager på vidaregåande enn på ungdomsskulen. Her kan det liggja mørketal, til dømes veit me at unge menn er overrepresentert når det gjeld å droppa ut av skulen, vald, rusavhengnad, spelavhengnad og sjølv-mord. Ungdomane meiner det er særleg viktig at gutar får øva på å snakka om det som er vanskeleg.

Psykisk helse– US


Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette? (Prosentdel som har svart 'ganske mykje plaga' eller 'veldig mykje plaga')



Tal frå Ungdata 2021 og 2024 - psykisk helse - ungdomstrinn

Psykisk helse

Prosentandel som har hatt mange psykiske plager den siste uken/siste 7 dagene.



Tal frå Ungdata 2021 og 2024 - samanlikning psykisk helse ungdomstrinn og vidaregåande og kjønn


Vidare kom det fram under gruppearbeidet at ungdomar ønsker tiltak som gjeld fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet kan vera ei kjelde til sosialt fellesskap, meir overskot, betre søvn og meir overskot og energi. Ungdomane ønsker tiltak som gjeld fysisk aktivitet både i og utanfor skuletida.

Mange mikroval i kvardagen påverkar den psykiske helsa vår. Ungdomane meiner me bør øva på vanlege «folkeskikk-ting» som å seia «Hei!» til kvarandre – til alle, kvar dag.

Medverknad/inkludering

Temaet medverknad og inkludering er breitt, men kanskje me kan oppsummera det kort med at det handlar om å verta rekna med og å få sjansen til og våga å stå fram som den ein er og med det ein meiner og står for, på skulen, heime og i lokalsamfunnet.

Me ser i Ungdata-undersøkinga at 15-20 prosent av elevane rapporterer om at dei ikkje føler at dei passar inn blant elevane på skulen. Det er på ungdomstrinnet færrast føler at dei ikkje passar inn, rundt ein fjerdedel. Talet har auka viss ein samanliknar med 2015 og 2017, då rundt 10 prosent følte at dei ikkje passa inn. Dette kan tyda på at kva som er «normalt» og kva som er «unormalt» eller «rart» kan verta tolka snevert.



Tal frå Ungdata 2015 - 2024: Utvikling innan faktoren å passa inn

Me ser også i Ungdata-tala at ungdom i varierende grad opplever at meiningane deira vert tekne på alvor.

Ungdomane på demokrativerkstaden kom med innspel til kva som kan vera god medverknadspraksis i skulen. Ein må ikkje undervurdera kor viktig det er at elevane vert kjende med kvarandre og trygge på kvarandre, som klasse, som trinn og som heile skulen. Å kjenna kvarandre er inkludering i praksis. Det er viktig at skulane legg opp til bli kjent-aktivitetar dei første dagane og vekene etter skulestart, særleg på 8. trinn og på VG1. God klasseleiing, gode oppgåver og kloke samansetningar i gruppearbeid gjer også at elevane vert kjende. Når ein er trygg, er det lettare å våga å seia meininga si og stå opp for det ein trur på. Det er viktig at elevane får øva seg på dette i undervisninga, både at ein lærer seg å diskutera og at ein får vera med på å ta val som gjeld undervisninga.

Ungdomar i Kvam uttrykkjer også at dei har mange moglegheiter til å seia meininga si, mellom anna gjennom elevråd og ungdomsråd. Det er ungdomar sitt ansvar å faktisk bruka dei moglegheitene ein har til å uttala seg og seia meiningane sine.

Skuletrivsel

Tal frå Ungdata viser at elevane i Kvam i stor grad trivest på skulen, men at mange kjedar seg og at ganske mange gruar seg til å gå på skulen. Det skjer mykje utviklingsarbeid i kvammaskulen, til dømes gjennom oppfølgingsordninga til Statsforvaltaren, der ordinær undervisning og trygt og godt skulemiljø er mellom satsingsområda. Også i vidaregåande skule skjer det stadig utviklingsarbeid. Ungdom ønsker å vera med på utviklingsarbeidet.

I gruppearbeidet på demokrativerkstaden peikte ungdomane på kor viktig det er med elevaktivitet i timane og at undervisninga er variert. Elevar i vidaregåande ønsker fleire bedriftsbesøk, og generelt er det positivt for mange elevar at ein kan bruka lokalsamfunnet og nærmiljøet som del av ordinær undervisning.


Å møte vener og å ha friminutt vert av mange ungdomar framheva som det viktigaste for at ein trivest på skulen. Under gruppearbeidet kom det fram at mange ungdomar synest det er lite å gjera i friminutta og at ein ønsker fleire tilbod. Dette kan handla både om fysisk utforming av skule og skuleplass og om aktivitetar.

Ungdomane meinte at tiltak for skuletrivsel heng saman med tiltak mot mobbing. Når det gjeld mobbing, meiner ungdomane at det er viktig å finna ut kvifor dei som mobbar, gjer dette. Det vil ofte liggja sårbarheiter hos dei som hamnar i denne rolla. Uansett er det viktig å informera og læra dei som mobbar om konsekvensane av det dei held på med.

Ungdomane foreslår også eigne grupper av både vaksne og elevar på skulane som arbeider med tema som inkludering og mobbing.

Sosiale media er ein del av barn og unge sine liv og har både positive og negative sider ved seg. Ungdomane ønsker å drøfta vidare korleis ein bør avgrensa tilgangen og at ein bør venta med sosiale media iallfall til den aldersgrensa som er definert.

Skuletrivsel



Tal frå Ungdata 2024, skuletrivsel mellomtrinn, ungdomstrinn og vidaregåande

Oppsummering prioriterte tema

Gjennom medverknadsarbeid hausten 2024 knytt til Ungdata har ungdomar i Kvam drøfta kva som er viktigast at me saman jobbar meir med framover. Psykisk helse, medverknad for barn og unge og skuletrivsel er prioriterte tema. Ungdomane uttalar at dei meiner at desse heng tett saman. Det barn og unge ønsker seg, er å ha nokon å vera saman med og finna på kjekke ting saman med på skulen og i fritida. Dei ønsker å vera trygge på at ein kan følgja eigne interesser og vera saman med ulike folk utan risiko for å hamna utanfor fellesskapet eller å verta sett ned på.

Vaksne kan ikkje skapa vennskap, men vaksne kan leggja til rette for at barn og unge vert kjende med kvarandre. Det er viktig å ha ulike arenaer for å verta kjend, på tvers av alder, kva bygd ein kjem frå, interesser og kven ein går i klasse med. Likevel er det viktig å vera trygg i fellesskapet med dei ein går i klasse med på skulen. Venene er hovudgrunnen til at barn og unge ønsker å gå på skulen. Det er godt å gå i ein klasse med avslappa stil der ein kan få utforska både faglege spørsmål og kven ein er som menneske saman med dei andre. Ein må ikkje undervurdera kor viktig det er med aktivitetar for å verta kjend i klassen og på trinnet, særleg ved oppstart i åttande klasse og første året på vidaregåande. Gjennomtenkte undervisningsopplegg kan skapa samhald og fellesskap.

Fritida er ein viktig arena for at unge skal verta kjende og oppleve tilhøyrslø og meistring. Eit mangfald av barn og unge treng eit mangfald av møteplassar og aktivitetar.

Barn og unge ønsker å delta i eige liv og i samfunnslivet og å verta tekne på alvor. Som det vart sagt av ungdomar som var med i Ungdata-arbeidet hausten 2024:

- *Ungdomar bryr seg meir enn ein trur*
- *Gje ungdomen ein sjanse*

(Denne oppsummeringa ligg også i innleiinga til kapittelet «Slik er det å veksa opp i Kvam» i folkehelseoversikta for Kvam 2024)



Frå demokrativerkstaden 3. oktober

Evaluering av prosessen Ungdata

Det vil ligga til dei vaksne å evaluera heile prosessen og ressursbruken knytt til Ungdata, men ungdomane si stemme er at det er positivt at Ungdata-undersøkinga faktisk vert brukt til noko. Dette kom fram under evalueringsmøtet med arbeidsgruppene 21. oktober 2024. Tilbakemeldinga der var at ungdomar bryr seg meir enn ein trur. Ein bør inkludera ungdom i alle arenaer fordi det er ungdom som veit best kva ungdom vil. Ungdomar føler meistring ved å få medverka, det inspirerer igjen andre ungdomar og det vert ei kjedereaksjon av ungdomsmedverknad.

Me har sett på Tromsø kommune sin prosedyre for ungdomsmedverknad i arbeidet med Ungdata. Me ønsker å laga ein liknande prosedyre for Kvam. Meir om prosedyren i Tromsø her:

<https://korus.no/nord/ungdom-tar-styring-i-ungdata>



Kristian Hartveit legg fram tal frå Ungdata i Holmatun 3. september



Frå drøftingar under Ungdatakonferansen 3. september. Vaksne og ungdomar sat saman i grupper og diskuterte funn frå undersøkinga.

Evaluering av å bruka arbeidsgrupper

Å tilsetja ungdomar i arbeidsgrupper for å laga arrangement, er noko me prøver i Kvam no for fyrste gong. Under evalueringsmøtet med arbeidsgruppene 21. oktober oppsummerte ungdomane at dei mellom anna hadde lært dette:

- Kva mobbing er
- God arbeidserfaring
- Respekt (for alle!)
- Organisering av foredrag
- Opprigg og nedrigg av større samlingar
- Gleda av det lille (estetisk gruppe)
- Jobba med folk
- Å ha ansvar
- Planlegging
- Samarbeid er viktig!

Erfaringane frå i haust er viktige til me skal arbeida på liknande måtar seinare. Dette kan me vidareutvikla:

- Meir oversikt over kva arrangement som skal skje
- Meir oversikt over kva som er oppgåvene til dei ulike gruppene
- Tydelegare rollefordeling og ansvarsfordeling i gruppa
- Bruka meir tid på å verta kjent med dei andre i si arbeidsgruppe og i heile gruppa i starten. Læra alle namna frå dag 1.



Frå gledingsbassenget i statistikkoasen under fagsamlinga 15. oktober

Framovermelding Ungdomskonferansen

Fram mot ungdomskonferansen 2025 bør me halda på «merkevara» *Sterke fellesskap*. Det er lagt mykje tid og energi i utforming av logo. *Sterke fellesskap* har eigen instagramprofil og det er laga profileringsmateriale i form av jakker, plakatar, program, informasjonsmateriell.

Fram mot ungdomskonferansen vil me bruka arbeidsgrupper av ungdom, slik me har øvd oss på til oppvekstkonferansen 2024, og dei må halda fram som *Sterke fellesskap*-grupper. Det er nyttig om me får øva oss i arbeidsgrupper knytt til arrangement no i løpet av året før ungdomskonferansen.

Me har vore med på foredrag med ulike innleigde innleiarar: Marco Elsafadi, Metalheads against bullying og Siri Abrahamsen. Alle desse gav gode og interessante foredrag og alle desse kan vera interessante å få tilbake til Kvam.



Marco Elsafadi heldt foredrag om mobbing og inkluderande fellesskap under demokrativerkstaden 3. oktober



Siri Abrahamsen i Gleding United som del av sofasamtalen 16. oktober



Metalheads against bullying var med på mange arrangement. Her har dei stand under fritidsmessa 17. oktober.